



Kunnskapsdepartementet
postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyringsfråsegn : Forslag til endringer i barnehageloven og tilhørende forskrifter

Norsk OMEP takkar for at organisasjonen er høyringsinstans.

OMEP vart skipa i Praha i 1948, er ein NGO organisasjon med medlemmer i over 70 land og arbeider med oppvekstvilkår og danning for dei yngste barna (0-8 år). Vi er opptekne av at dei nye utviklingsmåla til SN skal inkludera dei yngste borna i barnehage-/utdanningstilbod og berekraftig utvikling. OMEP ønskjer kvalitetsutviklande tiltak i barnehagen, og er oppteken både av det einskilde barnet og barnegruppa.

I høyringa vil vi først ha nokre generelle merknader før vi går inn på dei 2 føreslegne endringane.

OMEP viser til godt og relevant heilskapleg arbeid som er gjort gjennom NOU 2012:1 Til barnas beste - ny lovgivning for barnehagene, St.meld. nr.24 (2013-2014) Om fremtidens barnehage og til Grunnloven § 104, første, andre og tredje ledd. Alle desse er sentrale dokument som bør leggjast til grunn for endringsarbeidet knytta til barnehagelova og tilhøyrande forskrifter. Slik OMEP ser det, ber forslaget til endringar for mykje preg av formelle og standardiserte synspunkt utan å ta høgde for innhaldet og kvardagslivet i barnehagen for barna, foreldra og dei tilsette og den retten dei har til medverknad.

Pkt. 2 Statlig tilsyn med barnehagene

OMEP er samd i hovudlinjene i framleggget til lovtekst og merknadene til §§ 9, 9a og 9b. Vi meiner at Fylkesmannen sjølv skal vurdere kva om er *særlege tilfelle*, og at dette ikkje skal avgrensast eller konkretiserast, slik høyringsframleggget innbyr til.

Pkt. 6 Forslag om presisering av lovhemmel for barnehagens arbeid med dokumentasjon og vurdering.

Personvernet til barna og foreldreretten

OMEP vil hevde at omsynet til personvernet, til foreldreansvaret og foreldreretten ikkje i stor nok grad vert ivaretake i desse presiseringane. Vi er kjent med datatilsynet si fråsegn og sluttar oss til dei vurderingane som ligg til grunn for denne fråsegna. Det må stillast nasjonale krav til alt kartleggingsverktøy som eventuelt kan brukast i det pedagogiske arbeidet. OMEP

ser dette i samanheng med formålsparagrafen i barnehagelova med tilhøyrande *rammeplan for barnehagens innhald og arbeidsmåtar*, med foreldreretten og med personvernet for barnet.

Ivareta den sosialpedagogiske barnehagetradisjonen som er forankra i barnehagelova
Formålsparagrafen i barnehagelova inneber ei vidareføring av den sosialpedagogiske barnehagetradisjonen med vekt på leik, omsorg, danning og uformell læring. Dette er viktige verdiar og arbeidsmåtar som ikkje må endrast, men gjerast tydelege. Det pedagogiske arbeidet skal framleis vera kunnskaps- og forskingsbasert, og forankra i den sosialpedagogiske barnehagetradisjonen. Det er barnehagelærarane sitt ansvar. Det må presiserast, ikkje underkommuniserast.

Det tilrådde framlegget ber preg av at temaet *vurdering og dokumentasjon* for pedagogisk planlegging ikkje er utgreidd i eit breitt fagmiljø, men er godt juridisk utgreidd utan å ta inn barnehagepedagogisk forskings- og fagmiljø. Framlegget inneber endringar som kan lesast som svært inngripande i det faglege ansvaret å barnehagelærarane og kan ikkje seiast vere presiseringar, men heller ei dreiling i ei overordna uønska retning.

Vurdering og dokumentasjon som pedagogisk verkemiddel eller som informasjon?
Det er eit viktig skilje mellom dokumentasjon som eit *middel til synleggjering og informasjon* og til den observasjonspraksis som gir grunnlag for planlegging av pedagogisk arbeid retta inn mot barnegruppene. Særlig gjeld dette ved planlegging av individuelle tiltak og kartleggingsverktøy / arbeidsmåtar for å nå spesifikke mål.


Eigar er juridisk ansvarleg - ikkje pedagogisk ansvarleg

Eigar av barnehagen skal stå som garantist for kvaliteten på alle område i barnehagen, men skal ikkje ha barnehagelærarane si oppgåve. Å stå ansvarleg for barnehagekvaliteten vil ikkje bety at eigar skal avgjere eller overstyre vurderingar som er gjort av barnehagelærarar i samarbeid med foreldre og føresette. Det er ikkje krav til eigar om å ha føresetnader til dette. Metodefridomen må framleis leggjast til grunn for pedagogane sitt arbeid dersom målet om å sikre tidleg innsats og systematisk tilbod skal kunne nåast.

Vennleg helsing

Norsk OMEP


v. Eli Bergsvik
leiar


Ingunn Landro Sandset
Ingunn Landro Sandset
skrivar